



MØTEBOK

Oppheving av lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg - på høyring

| Utval sak | Utval | Møtedato |
|-----------|-------------------------|------------|
| 12/25 | Utval for plan og miljø | 11.03.2025 |

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Forskrift om opphevelse av forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg

Innstilling frå kommunedirektøren:

Forslag om oppheving av forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg, Stord og Fitjar kommunar, Hordaland (FOR-2008-10-29-1223) vert lagt på høyring, jf. forvaltningslova § 37.

Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 11.03.2025

Behandling:

Kommunalsjef Samfunnsutvikling og drift, Louise Pettersen svara på spørsmålet frå utvalet.

Innstilling frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Forslag om oppheving av forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg, Stord og Fitjar kommunar, Hordaland (FOR-2008-10-29-1223) vert lagt på høyring, jf. forvaltningslova § 37.

Bakgrunn:

Kommunane har som forureiningsmynde ansvar for å overvake miljøtilstanden i vassdrag og sjø. Ved behov skal dei iverksette miljøtiltak innanfor sitt mynde- og verksemdsområde.

Forureiningsforskrifta § 12-6 gir kommunane heimel til å fastsetje lokale forskrifter dersom det er nødvendig av omsyn til forureining eller brukarinteresser. Ei slik lokal forskrift kan innehalde strengare utsleppskrav enn dei som er fastsette i den sentrale forureiningsforskrifta § 12-8, dersom spesielle resipientforhold tilseier det. Dette kan omfatte krav til val av reinseløysing, dimensjonering, bygging, drift og vedlikehald av avløpsanlegg.

I 2008 vedtok Fitjar og Stord kommunar ei lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg, nemleg Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg, Stord og Fitjar kommunar, Hordaland (FOR-2008-10-29-1223).

Kommunen vurderer no at denne forskrifta er forelda og basert på eldre kunnskap. Ho medfører også visse avgrensingar. Difor bør den lokale forskrifta opphevast, slik at handsaminga av utsleppssaker vert regulert av den sentrale forureiningsforskrifta.

Forankring i planar/mål:

Opphevingsvedtaket byggjer på følgjande overordna planar:

- Kommuneplanen – samfunnsdel 2020-2040
- Kommuneplanen - arealdel 2011-2022
- Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020–2030
- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022–2027
- Hovudutfordringar i vassområde Sunnhordland 2022–2027

Saksutgreiing:

Kommunen har som forureiningsstyresmakt ansvar for å sikre at utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg skjer i tråd med regelverket, jf. kapittel 12 i forureiningsforskrifta. Dette inneber både å handheve gjeldande krav og å setje i verk tiltak for å førebyggje forureining, slik at miljøet og vasskvaliteten vert ivareteke.

Fitjar kommune har i dag ei lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre reinseanlegg. Ifølgje § 1-1 i forskrifta gjeld ho for utslepp frå bustader, fritidsbustader, turistverksemder og liknande med mindre enn 50 personekvivalentar (pe). For utslepp av gråvatn gjeld forskrifta berre dersom det er innlagt vatn, jf. forureiningsforskrifta § 12-1.

Den lokale forskrifta erstattar krava i § 12-7 til § 12-13 i forureiningsforskrifta, men gjeld ikkje for tidsavgrensa utslepp, som til dømes utslepp frå anleggsverksemd. Forskrifta omfattar spesifikke geografiske område, vist i eit vedlagt kart med målestokk 1:50 000, datert 22. mai 2008.

Sidan denne forskrifta no er utdatert, er det ynskjeleg å oppheve ho og i staden nytte den sentrale forureiningsforskrifta ved handsaming av utsleppssaker.

Miljø og berekraft:

[FN sine berekraftsmål](#)

Fitjar kommune er tilslutta Sunnhordland vassområde og Vestland vassregion. Vassforskrifta stiller krav om minst god økologisk og kjemisk tilstand for alle vassførekomstar. Dette kjem fram i den regionale planen for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022–2027, som fastset miljømål for vassregionen. Planen støttar opp under fleire av berekraftsmåla til FN. Eit godt vassmiljø er ein føresetnad for alt liv på jorda og ein grunnleggjande del av naturmiljøet, jf. FNs berekraftsmål nr. 6 (reint vatn og gode sanitærforhold), 14 (liv under vatn), 15 (liv på land) og 17 (samarbeid for å nå måla).

Miljømåla er viktige fordi dei skal verne vassdrag og kystvatn mot forverra tilstand. Dei skal òg bidra til at miljøtilstanden blir betre, slik at ein oppnår god økologisk og kjemisk tilstand.

Planane legg grunnlaget for ei felles innsats for å redusere forureining og andre negative påverknader på kystvatn, grunnvatn og vassdrag. Vassdrag med god miljøtilstand har lite forureining og er eigna for bading, som drikkevatn, til sportsfiske og andre naturopplevingar. Kystvatn med lite miljøgifter sikrar trygg sjømat og gir moglegheit til å nytte havet sine ressursar også i framtida.

Forureining av havet langs kysten, særleg frå industri, transport og byar, er framleis ei stor utfordring. Norge har forplikta seg til FN sine berekraftsmål og har utarbeidd vassforvaltningsplanar for å sikre berekraftig bruk av vassressursane.

Vurdering av begrensningene i gjeldende forskrift

Den gjeldande lokale forskrifta gjev reglar om utsleppsløyve til ferskvassresipientar, sjøvassresipientar og stadige massar. Forskrifta inkluderer òg eit kartvedlegg som viser kva for resipientar som er definerte som «god sjøresipient», «sårbar sjøresipient» og «ferskvatn». Denne avgrensinga byggjer på kunnskap som var tilgjengeleg før 2008, og er difor ikkje i samsvar med dagens forståing og dei nyare verktøya for miljøforvaltning.

Sidan 2008 har det vore eit betydeleg auka fokus på vassforvaltning, og det er utvikla nye og meir presise metodar for å vurdere miljøtilstanden til resipientane. Særleg verktøyet Vann-Nett gjev no enkel tilgang til oppdatert informasjon om vassmiljøet, med data i sanntid. Dette gjev ei betre oversikt over faktisk miljøtilstand og menneskeleg påverknad på vassførekomstar, og bør difor liggje til grunn for vurdering av utsleppsløyve.

Eit konkret døme på kor utdatert den noverande forskrifta er, finn vi i sjøresipienten Stokksund. I kartvedlegget til forskrifta er Stokksund definert som ein «god sjøresipient». Nyare data frå Vann-Nett viser derimot at Stokksund har moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Regionale mål krev at denne vassførekomsten skal oppnå god økologisk og kjemisk tilstand, noko som gjer at dagens forskriftsbaserte utsleppsløyve er svært uheldige.

Lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn

Den lokale forskrifta for utslepp av sanitært avløpsvatn gjeld for anlegg med mindre enn 50 PE tilknytt. Reinsekrava er avhengige av resipienten:

- Ved utslepp til god sjøresipient skal følgjande reinsing vere oppfylt:
 1. SS - Mengda i avløpsvatnet skal reduserast med minst 20 % av det som vert tilført reinseanlegget, og ikkje overstige 180 mg/l ved utslepp.
- Ved utslepp til sårbare sjøresipientar, som Dåfjorden nord og Hellandsfjorden, skal følgjande reinsing vere oppfylt:
 1. Tot-P - Mengda i avløpsvatnet skal reduserast med minst 60 %, og ikkje overstige 2 mg/l ved utslepp.
 2. BOF5 - Mengda i avløpsvatnet skal reduserast med minst 70 %, og vere mindre enn 25 mg/l ved utslepp.
- Ved utslepp til ferskvatn skal følgjande vere oppfylt:
 1. Tot-P - Mengda i avløpsvatnet skal reduserast med minst 90 %, og ikkje overstige 1 mg/l ved utslepp.
 2. BOF5 - Mengda i avløpsvatnet skal reduserast med minst 90 %, og vere mindre enn 20 mg/l ved utslepp.

Det er forbod mot å etablere nye utslepp til Storavatnet og Glippevatnet.

Forholdet til Kommuneplanen – samfunnsdel 2020–2040

I kommuneplanen sin samfunnsdel har Fitjar kommune sett seg tydelege mål. Fitjar kommune ynskjer at alle vassførekomstar i Fitjar (kystvatn, innsjøar og elvar) skal ha «god tilstand» eller betre innan 2027 og seinast 2033. For å nå dette målet vil kommunen arbeide for å sikre ei heilskapleg og økosystembasert vassforvaltning, og følgje opp «Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022–2027 og 2028–2033».

Eit steg i dette arbeidet er å ha ei resipientfokuserert forvaltning, der utslepp vert vurderte ut frå tilstanden til resipientane. Som ein del av dette bør den lokale forskrifta, som byggjer på utdatert kunnskap, opphevast. I staden bør utslepp vurderast basert på den faktiske miljøtilstanden i resipientane.

Tilhøvet til Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020–2030

Hovudmålet i kommunedelplanen for avløp og vassmiljø er å legge til rette for gode og framtidsretta løysingar for oppsamling, transport og reinsing av avløpsvatn frå alle abonnentar. Målet er å oppnå og oppretthalde god økologisk og kjemisk tilstand i alle vassførekomstar i kommunen.

Ved vurdering av tiltak er det viktig å fokusere på den samla forureiningstilførselen til ein vassførekomst saman med toleevna til systemet. Om lag 40 % av innbyggjarane i Fitjar har private avløpsanlegg med anten tett tank, slamavskiljar, minireinseanlegg eller direkte utslepp. Dette understrekar behovet for oppdatert kunnskap og god forvaltning.

Gjennom planen er det òg eit mål at kunnskapsgrunnlaget om tilstanden i resipientar for avløpsvatn til ei kvar tid skal vere tilstrekkeleg. Dette er avgjerande for å sikre rett handsaming av utslepp og effektive tiltak for å oppnå miljømåla.

Behov for ei oppdatert tilnærming

Vidare er det viktig å peike på avgrensingane knytte til stadlege massar. Forureiningsforskrifta (§ 12-11) stiller krav ved utslepp til stadlege massar, men den lokale forskrifta manglar tydelege kriterium og føresetnader for korleis slike søknader skal vurderast.

I sentral forskrift er det definert kva for område som er kjenslege og kva for område som er mindre kjenslege, der reinsekrav er basert på risiko for eutrofiering og brukarinteresser. Dette står i kontrast til den lokale forskrifta, som har generelle krav som ikkje alltid speglar den faktiske tilstanden eller miljømåla for resipientane.

For å sikre ei resipientorientert sakshandsaming bør det innførast ein praksis der reinsekrav til avlaupsanlegg vert fastsette basert på oppdatert kunnskap om:

- miljøtilstanden i resipienten
- storleiken på utsleppet
- innhaldet av forureiningar i avlaupsvatnet
- brukar- og verneinteresser

Oppdatert kunnskap, som vert gjort tilgjengeleg gjennom årlege oppdateringar, bør vere grunnlaget for handsaming av utsleppssøknader. Prioritet bør gjevast til å undersøkje resipientar som ofte vert brukte for utslepp, for å sikre effektiv vern og rett handtering av vassmiljøet.

Den eksisterande forskrifta, som byggjer på utdatert kunnskap, skaper usikkerheit i avgjerdsprosessar og kan føre til manglande eller forseinka tiltak for å verne viktige vassressursar.

Oppsummering og konklusjon:

Fitjar kommune har ansvar for å overvake miljøtilstanden i vassdrag og sjø og iverksette nødvendige miljøtiltak. Den lokale forskrifta om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre anlegg, vedteken i 2008, er no utdatert og bør opphevast til fordel for den sentrale forureiningsforskrifta.

Den lokale forskrifta byggjer på eldre kunnskap og avgrensar forvaltninga unødvendig. I dag har vi betre metodar, som Vann-Nett, for å vurdere den faktiske miljøtilstanden til resipientane. For å sikre at utsleppshandsaminga tek omsyn til oppdatert kunnskap, må det leggjast til rette for ei heilskapleg, resipientorientert tilnærming.

Dette er i tråd med nasjonale og regionale mål for vassforvaltning og berekraft, samt kommunale planar som kommuneplanen og kommunedelplan for avløp og vassmiljø. Oppheving av den lokale forskrifta vil sikre ei meir fleksibel forvaltning av avløpsutslepp, tilpassa resipientane si toleevne og miljømål.

Framgangsmåten for oppheving av lokale forskrifter er lik som for å vedta nye. Forslaget må dermed først leggjast ut på høyring.

Steinar Dalland
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.